



NORÆC

NORWEGIAN AGENCY FOR
EXCHANGE COOPERATION

ÅRSRAPPORT
2022



INNHALDSLISLE

1. Leiarens fråsegn	3
2. Introduksjon til Norec og hovudtal	5
2.1 Hovudoppgåver og organisasjon	5
2.1.1 Instruks	5
2.1.2 Organisasjonskart	5
2.1.3 Leiing i Norec	6
2.1.4 Lokalisering av Norec	6
2.2 Utvalde nøkkeltal	6
2.2.1 Tilsette og årsverk.	6
2.2.2 Tildelingar og utnyttingsgrad.	7
3. Aktivitetar og resultat i 2022	8
3.1 Prioriteringar frå tildelingsbrevet	8
3.2 Vurdering av måloppnåing	10
3.2.1 Mål 1.	10
3.2.2 Mål 2.	12
3.2.3 Mål 3.	14
3.4 Utkvittering av særskilde oppdrag.	18
3.4.1 Oppdrag 1	18
3.4.2 Oppdrag 2	19
3.4.3 Oppdrag 3	20
4. Styring og kontroll i verksemda	21
4.1 Varslingsaker i 2022	21
4.2 Særskilde føringar frå tildelingsbrevet	21
4.2.1 Førebyggande sikkerheit	21
4.2.2 Likestilling og ikkje-diskriminering.	22
4.2.2.1 Verdier og etiske retningslinjer.	22
4.2.2.2 Arbeid med likestilling og ikkje-diskriminering i 2022	23
4.2.2.3 Kjønnsbalanse, mellombelse stillingar, deltid og foreldrepermisjon	24
4.2.3 Konsulentbruk i staten	25
4.2.4 Auke i tal lærlingar	25
4.3 Prosedyre for handtering av saker om seksuell utnyttning, seksuelt misbruk og seksuell trakassering (SEAH)	25
5. Vurdering av framtidssikter	26
6. Årsrekneskap	27

1 LEIARENS FRÅSEGN

Endeleg tilbake til normalen!

Då pandemien råka oss i 2020, var instruksen til Norec at vi skulle gjere vårt beste for å halde dei globale partnerskapa i gang. Om lag 60 av 80 Norec-støtta prosjekt heldt det gåande med digitalt samarbeid gjennom pandemien.

Den fysiske utvekslinga tok seg raskt opp etter kvart som land opna opp att. Både tilsette og partnerar har jobba iherdig med å dreie kursen tilbake til normalen etter kvart som land etter land har oppheva restriksjonane.

I løpet av 2022 har både Norec og partnerane våre komme oss tilbake på omtrent det aktivitetsnivået vi hadde før pandemien. Vi delte i 2022 ut heile tilskotet vårt til gode internasjonale prosjekt, men sidan løyvingane våre var mindre enn før pandemien, var vi nøydde til å prioritere hardt. Vi måtte avvise fleire gode søknader om viktige prosjekt fordi vi hadde færre midlar å dele ut. Dei som fekk tilskot, måtte spare inn der det var rom for det.

Alle prosjekt som fekk tilskot i 2022, bidrar særleg til å fremme berekraftsmål nummer 17 om globale partnerskap. I tillegg jobba prosjekta med ei rekke andre berekraftsmål.

Tildelingsbrevet til Norec gav oss tre mål for 2022:

Mål 1

Målgruppene er kjende med og tar i bruk Norec som kompetansesenter for utvekslingssamarbeid

Bruken av kursa til Norec er ein tydeleg indikator på oppnådd resultat. I 2022 arrangerte Norec 35 kurs for 668 personar, samanlikna med 23 kurs i 2019, som er vårt siste normalår for utveksling. Primærmålgruppa for kursa er tilskotsmottakarane våre, men også andre offentlege institusjonar har brukt Norec sine kurs for å førebu sine tilsette til internasjonale oppdrag.

Mål 2

Fleire sterke globale partnerskap for berekraftig utvikling

I 2022 hadde Norec 81 samarbeidsavtalar, noko som er på same nivå som normalåret 2019. Vi nytta dei to åra med pandemi godt, mellom anna til å presentere Norec-modellen for nye verksemder. Fleire av dei som starta digital utveksling i pandemitida, har i 2022 gått vidare til fysisk utveksling av unge menneske mellom verksemder og land.

Mål 3

Fleire unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling

Dette målet er todelt. Første del handlar om utveksling mellom verksemder. Talet på unge menneske som deltok på Norec-støtta utveksling, var i 2022 framleis under normalåret 2019. Ser vi på tal partnerskap, vil vi i løpet av 2023 nærme oss 2019-nivå.

Den andre delen av dette målet handlar om auka norsk representasjon i internasjonale organisasjonar. I løpet av 2022 har Norec hatt ein auke i talet på både juniorekspertstillingar, UNV-stillingar og sekonderingar til Verdsbanken. Gjennom målretta annonsering, kontakt med utdanningsinstitusjonar, kurs og opplæring har Norec skapt auka interesse blant unge for å representere Norec i internasjonale organisasjonar.

I tillegg gav tildelingsbrevet oss tre særskilde oppdrag:

Oppdrag 1: Gjennomføre profileringsturné for å informere om norskfinansierte FN-stillingar, for å sikre auka interesse og brei rekruttering.

Oppdrag 2: Greie ut moglegheiter for korleis Norec kan legge til rette for at fleire unge menneske får internasjonal arbeidserfaring, og kome med forslag til innretning på moglege tiltak.

Oppdrag 3: Greie ut moglegheita for og eventuelt innretninga av eit pilotprosjekt knytt til støtte til tidlegare Norec-deltakarar.

Ulike arbeidsgrupper har jobba godt med desse oppdraga. Første oppdrag blei gjennomført i 2022 og var vellykka. Arbeidet med dei to andre har gitt ei god og klar retning for vidare arbeid i den nye strategiperioden vår frå 2023 til 2026.

Takk for at du vil lese om oss og sette deg inn i arbeidet vårt med tal og historier frå 2022. Vi er alt i gang med arbeidet vårt for 2023. Håper vi møtest i løpet av året!



Jan Olav Baarøy
Direktør

2 INTRODUKSJON TIL NOREC OG HOVUDTAL

2.1 Hovedoppgåver og organisasjon

2.1.1 Instruks

§ 1. Status

Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec) er et forvaltningsorgan som er administrativt underlagt Utenriksdepartementet. Norec er et akronym av det engelske navnet på virksomheten, Norwegian Agency for Exchange Cooperation, og benyttes som virksomhetens navn i det daglige. Norec har sitt hovedkontor i Førde.

§ 2. Formål

Norec er en del av Norges samlede innsats for å gjennomføre 2030-agendaen og bidrar til å realisere de overordnede målene i norsk utviklingspolitikk. Gjennom gjensidig kompetanseutveksling skal Norec støtte globale partnerskap i sitt arbeid for å nå FNs bærekraftsmål.

Norec har som hovedoppgaver å

- være et kompetansesenter for utvekslingssamarbeid
- forvalte tilskudd for å styrke globale partnerskap som bidrar til bærekraftig utvikling
- gi unge mennesker internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innen bærekraftig utvikling


§ 3. Daglig ledelse

Norec ledes av en direktør som tilsettes av Utenriksdepartementet i åremålsstilling.

§ 4. Ikrafttredelse

Denne instruksen trer i kraft 10. juni 2021.

2.1.2 Organisasjonskart



2.1.3 Leing i Norec

Leinga i Norec består av fem seksjonsleiarar, to avdelingsdirektørar og éin direktør. Avdelingsdirektørar og direktør utgjer toppleiinga. I 2022 bytte vi avdelingsdirektør for program.

Direktør: Jan Olav Baarøy

Avdelingsdirektør for verksemdstyring: Morten Rørvik

Avdelingsdirektør for program:

- Marit Bakken (til og med april)
- Silje Lukowski (fungerande avdelingsdirektør frå april til august)
- Margunn Indrebø Alshaikh (frå og med august)

2.1.4 Lokalisering av Norec

Norec held til i Førde i Vestland fylke.

2.2 Utvalde nøkkeltal

2.2.1 Tilsette og årsverk

Tabell 1

TILSETTE OG ÅRSVERK 2020–2022	2020	2021	2022
Tal tilsette*	46	57	52
Tal avtalte årsverk	41	41	44
Tal utførte årsverk	34,8	36,29	40,42

* Talet på tilsette inkluderer alle som har vore tilsette heile og delar av året. Tal tilsette per 31. desember 2022 er 46.



I 2022 arrangerte Norec introduksjonskurs for juniorekspertar og UNV. Kursmodulen varte i tre dagar og er utvikla spesielt for å møte behov til unge nordmenn som skal jobbe i FN.

Les meir her: <https://www.norec.no/aktuelt/nyheiter/slik-preppes-de-til-jobb-i-fn-systemet/>

2.2.2 Tildelingar og utnyttingsgrad

Tabell 2

TILDELINGAR OG UTNYTTINGSGRAD 2020–2022	Forklaring	2020	2021	2022
Samla tildeling kap. 140.21	Rekruttering til internasjonale organisasjonar – drift		400	1 469
Utnyttingsgrad kap. 140.21			118 %	66 %
Samla tildeling kap. 144.01	Kompetansesenter og utveksling – drift	53 710	56 145	58 041
Utnyttingsgrad kap. 144.01		92 %	94 %	96 %
Samla tildeling kap. 144.70	Tilskot til utveksling	70 824	72 262	121 255
Utnyttingsgrad kap. 144.70		99 %	99 %	100 %
Samla tildeling kap. 171.73	Tilskot til norske stillingar i internasjonale organisasjonar		34 000	35 000
Utnyttingsgrad kap. 171.73			68 %	96 %

Alle tildelingar er angitt i heile tusen.

Kommentar til 144.70:

I 2022 har vi vore tilbake på om lag det aktivitetsnivået vi hadde før pandemiåra 2020 og 2021. Det gjeld både søknader til utvekslingsordninga vår og drift av kompetansesenteret.

Dei partnerskapa som avvikla eller reduserte aktiviteten sin gjennom pandemien, er no tilbake i normal drift. I tillegg var løyvingane våre mindre enn før pandemien. Desse to faktorane gjer at konkurransen om kven som kan få tilskot, blir mykje hardare. Derfor har vi i 2022 måtta avslå gode prosjektsøknader på grunn av manglande midlar.

3 AKTIVITETAR OG RESULTAT I 2022

Norec inngår i Noreg sin samla innsats for å gjennomføre 2030-agendagen og bidrar til å realisere dei overordna måla i norsk utviklingspolitikk. Gjennom gjensidig kompetanseutveksling skal Norec støtte globale partnerskap i arbeidet for å nå berekraftsmåla til FN. Dette gjer vi ved å løyse tre hovudoppgåver. Nedanfor presenterer vi prioriteringane for 2022 saman med ei vurdering av resultat og effektar.

3.1 Prioriteringar frå tildelingsbrevet

Tildelingsbrevet frå 2022 gav Norec i oppdrag å støtte ein breitt samansett prosjektportefølje for tilskotsordninga. Samtidig skulle Norec følge overordna utviklingspolitiske føringar. Det innebar at vi skulle prioritere søkarar frå offentleg sektor og prosjekt som arbeider med klima, svolt, miljø og hav.

God samhandling med utanriksstasjonane er framleis viktig, og tilskotsforvaltinga skal skje gjennom Tilskuddsportalen.


Norec skal forvalte rekrutteringsordningane til internasjonale organisasjonar i tett dialog med departementet. Organisasjonar som Noreg har eit godt og nært samarbeid med, skal prioriterast.

Alle Norec-prosjekt fremmar berekraftsmål 17 – både ved å styrke verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet, og ved å fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling. I tillegg til dette jobbar prosjekta med mange ulike tema knytte til spesifikke berekraftsmål, jf. figur 1. Dei største temaa er helse (37 %) og utdanning (20 %). Deretter kjem arbeid med rettar (9 %) og klima (7 %).

I 2022 har Norec prioritert søkarar som arbeider med klima og klimatilpassing, svolt, miljø og hav. 10 % av våre prosjekt er retta inn mot desse temaa. I 2021 var denne delen på 6 %.

I tildelingsbrevet blir Norec bedt om å prioritere søkarar frå offentleg sektor. I 2022 godkjende vi seks forundersøkingar frå offentlege verksemder. Det tilsvarande talet for 2021 var éi godkjend forundersøking. Til saman har Norec 25 partnarar frå offentleg sektor.

Gjennom utreisekurser våre fokuserer vi på kompetanseheving innan arbeid med FN sine berekraftsmål. Deltakarane får ei generell innføring i temaet, og dei får opplæring i å vurdere korleis prosjekta deira kan knytast til måla og bidra til endringar på individ-, institusjons- og samfunnsnivå. Over 8 av 10 deltakarar på utreisekurser våre seier dei har fått ei betre forståing av desse spørsmåla.



- | | |
|--|--|
| 1. Utrydde fattigdom | 10. Redusert ulikheit |
| 2. Utrydde svolt | 11. Berekraftige byar og lokalsamfunn |
| 3. God helse og livskvalitet | 12. Ansvarleg forbruk og produksjon |
| 4. God utdanning | 13. Stoppe klimaendringane |
| 5. Likestilling mellom kjønn | 14. Livet i havet |
| 6. Rent vatn og sanitærforhold | 15. Livet på land |
| 7. Rein energi til alle | 16. Fred, rettferd, og velfungerande institusjonar |
| 8. Anstendig arbeid og økonomisk vekst | 17. Samarbeid for å nå måla |
| 9. Industri, innovasjon og infrastruktur | |

Figur 1: Desse berekraftsmåla jobba Norec-prosjekta med i 2022.

3.2 Vurdering av måloppnåing

3.2.1 Mål 1: Norec har jobba for at «målgruppene er kjende med og tar i bruk Norec som kompetansesenter for utvekslingssamarbeid»

Tabell 3

STYRINGSPARAMETER 1	AUKA KUNNSKAP OM NOREC SIN KOMPETANSE I MÅLGRUPPENE
Rapportering	Årsrapport
Resultatkrav/ambisjonsnivå: Norec skal gjere ei kvalitativ vurdering av i kva grad dei har lykkast med å nå ut til målgruppene med sin kompetanse om utvekslingssamarbeid.	

Eit av dei forventa resultatane av utveksling er at medarbeidarar får ny fagleg og teknisk kunnskap, og at denne på sikt fører til organisasjonsutvikling. 430 personar som representerer ulike organisasjonar, har gjennom året vist interesse for utveksling. Av desse har 159 tatt kontakt for å lære meir om korleis dei kan etablere eit utvekslingsprosjekt.

I løpet av 2022 har Norec formidla kunnskap om utveksling som metode og globale partnerskap for berekraftig utveksling. Vi har fått 37 ulike førespurnader frå aktørar, både nasjonale og internasjonale. Dette har resultert i deltaking i panel, på konferansar og på stand og dessutan i innspel til rapportar, rettleiing i utvikling av prinsipp for internasjonal stønad og fasilitering av seminar og kurs. Norec har arrangert eller vore medarrangør av seks seminar der målgruppa har vore verksemder utan tilknytning til Norec. Eit mangfald av aktørar har spurt etter vår kunnskap. Internasjonalt har mykje av erfaringsutvekslinga vore på sør-sør-samarbeid og kunnskapsutvikling innanfor volontør-sektoren.

Gjennom kursa våre har vi formidla utfordringar ved interkulturell samhandling og bidratt med kunnskap om kulturelle dimensjonar for å forstå ein ny arbeidskultur og ei ny samarbeidsform. Norec har hatt ein markant auke i talet på kurs frå åra med pandemi: I 2020 heldt vi 12 kurs, i 2021 blei det 10 kurs, og i 2022 har vi halde 35 kurs. Året 2022 skil seg dessutan positivt ut ved at vi har arrangert fleire kurs (35) enn i 2019 (26), som var førre normale driftsår. Målgruppa for desse kursa er tilskotsmottakarane våre. Til saman hadde vi 668 deltakarar på kurs i 2022, mot 888 digitale deltakarar i 2021. Av dei 35 kursa har 5 kurs vore digitale, mens 2 kurs tilbydde ei hybrid løysing.

I 2022 har vi hatt god framgang i fleire sosiale medium. På Facebook-sidene har vi hatt ein auke i følgjarveksten frå 1,5 % gjennom 2021 til 6 % gjennom 2022. På Twitter har vi hatt ein auke i rekkevidde på 70 %, og på LinkedIn har følgartalet auka med 14 %.

Vi opplever at vi lykkast med å nå ut til målgruppene, og at dette bidrar til å styrke Norec si rolle som eit kompetansesenter for utvekslingssamarbeid. Dette er òg i tråd med funn i rapporten *Eableringa av Norec i Førde*, som er utarbeidd av Menon Economics. Ifølgje rapporten er brukartilfredsheita hos Norec sine partnerar høg, og ho har vore stigande frå 2019 og fram til 2021¹.

¹ Rapport: *Eablering av Norec i Førde - konsekvenser for leveranse på samfunnsoppdrag og dialog med eierdepartement*

Tabell 4

STYRINGSPARAMETER 2	GODE SYSTEM FOR KUNNSKAPSPRODUKSJON OG FORMIDLING
Rapportering	Årsrapport
Resultatkrav/ambisjonsnivå: Norec skal gjere ei kvalitativ vurdering av eigne system for produksjon og formidling av kunnskap om utveksling som metode.	

Norec hentar informasjon frå brukarundersøkingar, prosjektdatabasen vår og eksterne rapportar og evalueringar. Det gir oss tre ulike kjelder for informasjonen og moglegheit for å samanlikne funna.

Databasen vår gir oss moglegheit til å hente ut aggregert informasjon om prosjekta våre. Denne informasjonen bruker vi til å vurdere porteføljen. I 2022 har vi gjort nokre brukarvennelege tilpassingar, og vi har vi begynt å sette opp data frå Dynamics med det grafiske systemet Power BI. Dette styrker den visuelle framstillinga og gjer datamaterialet meir tilgjengeleg og lettare å forstå.

I 2022 har vi revidert brukarundersøkinga vi sender ut til dei som kjem heim frå utveksling (exit-undersøking). Vi har dessutan vidareutvikla spørjeskjemaet for evaluering av kursa for å kunne samanlikne på tvers. I tillegg er spørsmåla i større grad knytte til læringsmåla for kursa. 209 personar har i 2022 deltatt på førebuingkurs hos Norec. Evalueringa av kursa viser at deltakarane er svært tilfredse med læringsutbyttet. Over 90 % seier at dei har fått ei betre forståing av dei ulike temaa som kursa dekkjer, for eksempel deltakarane sine rettar og plikter, interkulturell kompetanse og globale problemstillingar som berekraftsmåla, global ulikskap, klimautfordringar og menneskerettar.

Vi har fått meir og ny kunnskap om eiga organisasjonsutvikling gjennom ein ekstern vurdering av innsatsen til Norec. Menon-rapporten vurderte etableringa av Norec i Førde og hevdar at «Norec skiller seg også i positiv forstand ut fra de andre statlige etatene som har blitt flyttet både ved at leveransene på samfunnsopdraget synes å ha blitt bedre, samt ved bedring i dialogen med eierdepartementet». Rapporten anbefaler Norec å jobbe med utfordringar knytte til høg gjennomstrøyming av tilsette og med å halde på nødvendig kompetanse. Dessutan får vi råd om å vidareutvikle innhald og mål for kompetansesenteret Norec, slik at det blir tydeleg for alle tilsette.

Vi har vidareutvikla systema vi har for produksjon og formidling av kunnskap, og det gir oss gode moglegheiter for kunnskapsproduksjon om utveksling som metode.


3.2.2 Mål 2: Gjennom tilskotsordninga har Norec sørgt for «fleire sterke globale partnerskap for berekraftig utvikling»

Tabell 5

STYRINGSPARAMETER 1	GLOBALE PARTNARSKAP SOM FÅR STØTTE FRÅ NOREC
Rapportering	Årsrapport
Resultatkrav/ambisjonsnivå: Norec skal gjere ei vurdering av korleis støtta deira til globale partnerskap har bidratt til å nå mål 2. Vurderinga skal innehalde opplysningar om	
<ul style="list-style-type: none">■ i kva grad verksemder rapporterer om auka fagkompetanse■ tal verksemder som samarbeider om berekraftsmåla■ i kva grad verksemder rapporterer om auka evne til å nå eiga målgruppe	

Norec hadde 81 samarbeidsavtalar som var aktive i heile eller delar av 2022. Dette er éin meir enn i 2019, som var førre normalår. 36 av desse hadde oppstart i 2022, og 9 var heilt nye partnerskap. 4 partnerskap jobba spesifikt med og for personar med nedsett funksjonsevne. Vi støtta i 2022 til saman 183 ulike organisasjonar som har samarbeidd om å fremme berekraftsmåla.

23 av våre 183 partnarar i 2022 var norske. Vi hadde 61 partnarar frå Asia, 85 frå Afrika og 14 frå Latin-Amerika, jf. figur 2. Denne fordelinga er om lag den same som i 2021. Dei største partnarlanda for Norec var Nepal (21 partnarar) og Bangladesh (16 partnarar). Vidare hadde vi 15 partnarar i Kenya, 12 i Malawi, 11 i India, og 10 i Tanzania.



Figur 2: Oversikt over kva kontinent Norec sine samarbeidspartnarar for 2022 kjem frå.

Ifølge rapporten *Triangular co-operation with Africa*² er Norec det landet som har hatt flest triangulære partnerskap i Afrika sidan 1996. Hovuddelen av desse prosjekta har fått støtte frå Norec.

² [Rapport: Triangular co-operation with Africa](#)

Ei ekstern evaluering av partnerskapet mellom menneskerettsorganisasjonane INSEC i Nepal og PVCHR i India viser at utvekslinga har bidratt til meningsfull og aktiv deltaking for dei som var på utveksling, både på arbeidsplassen og i lokalsamfunna. I Nepal har INSEC fått kjennskap til metoden vitneprov-terapi, som PVCHR bruker når personar er blitt utsette for kjønnsbasert vald eller vald frå politi. PVCHR i India har fått auka fagkompetanse på dokumentasjon av menneskerettsovergrep.

På sjukehuset Queen Elizabeth Central Hospital i Malawi har Norec-støtta ført til nyrekruttering og vidareutdanning av tilsette innan anestesi og kirurgi. Det er første gong det blir utdanna nevrokirurgar i Malawi. Dermed kan sjukehuset tilby pasientane sikker og trygg nevrokirurgisk behandling. Helsepersonell frå Noreg har gitt opplæring til kollegaer i Malawi. Dei norske tilsette frå Oslo universitetssykehus rapporterer at opplæringa har gitt dei auka formidlingsevne.



Norec-deltakarane Carol og Anthony hjelper bønder i Kenya gjennom den verste tørken på 40 år. Paraplyorganisasjonen Pelum Kenya jobbar med å engasjere unge i landbruket, for å hjelpe småskalabønder med ta i bruk berekraftige jordbruksmetodar.

3.2.3 Mål 3: Norec har gjort at «fleire unge menneske har fått internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling»

Tabell 6

STYRINGSPARAMETER 1	FLEIRE UNGE MENNESKE HAR FÅTT INTERNASJONAL ARBEIDSERFARING
Rapportering	Årsrapport
Norec skal gjere ei vurdering av korleis støtte deira til globale partnerskap har bidratt til å nå mål 3. Vurderinga skal innehalde opplysningar om: <ul style="list-style-type: none">■ tal deltakarar som har fått internasjonal arbeidserfaring■ tal arbeidstimar for deltakarar på utveksling■ i kva grad deltakarar rapporterer om nye ferdigheiter■ i kva grad deltakarar rapporterer om haldningsendringar	

I løpet av 2022 reiste 198 unge menneske på utveksling gjennom Norec. Deltakarane var i snitt på utveksling i 9 månader. Til saman jobba dei om lag 144 årsverk eller om lag 253 000 arbeidstimar.

I 2022 har Norec også støtta Den afrikanske union (AU) med finansiering av 18 utvekslingsdeltakarar for å styrke organisasjonen sitt arbeid for delte verdiar og panafrikanisme.

Prosjektet mellom Høgskolen i Molde og lærarhøgskulen Patandi Teachers College i Tanzania handlar om å betre livskvaliteten for barn med nedsett funksjonsevne. I intervju med Norec fortel lærarane at dei har fått auka fagleg kunnskap om tilpassa undervisning for barn med funksjonsnedsetting, inspirasjon til å gjennomføre endringar, erfaring med å halde presentasjonar framfor ei gruppe, betre engelskkunnskapar og interkulturell kompetanse.

I will make sure that I educate my fellow teachers how to stop corporal punishment. To inform them about the benefits of teaching without corporal punishment, and to educate them about the UN conventions about the rights of persons with disabilities and the rights of children with disabilities. (sitat frå deltakar)

Norec bruker spørjeundersøkingar til å samle inn informasjon frå dei som har vore på utveksling. Prosentdelen som seier dei har hatt stort læringsutbytte av utvekslinga, har jamt over vore svært høg sidan vi begynte å spørje deltakarane i 2007. Dette gjeld òg for deltakarane som var på utveksling i 2022. Sidan vi har fått færre svar enn vanleg, har vi valt å ikkje ta med denne informasjonen i årsrapporten for 2022.

Tabell 7

STYRINGSPARAMETER 2	AUKA NORSK NÆRVÆR I INTERNASJONALE ORGANISASJONAR
Rapportering	Tertialrapportar og årsrapport
<p>I tertialrapportane og i årsrapporten skal Norec rapportere om:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. tal utlyste stillingar og søknader om stipend 2. status for rekruttering av JPO-ar i samsvar med vedlagd liste over stillingar 3. tal juniorekspertar som blir tilsette på eit fjerde år med samfinansiering frå FN-organisasjonen, og som blir rekrutterte inn i ordinære FN-stillingar 4. status for framdrift i sekonderingar i utviklingsbankane 	

1. Tal utlyste stillingar og søknader om stipend i 2022

Tabell 8

REKRUTTERINGSORDNING	STILLINGAR/STIPEND	SØKARAR
Junior Professional Officer (JPO)	17	634
United Nations Volunteers (UNV)	6	57
Stipend	13	13
Senior Professional Officer (SPO)	2	54



Paraplyorganisasjonen Youth Alive! Kenya (YAK) med å løfte fram unge leiarar. I dette prosjektet styrkar dei sine medlemsorganisasjonar med opplæring, rettleiing og nettverkssamarbeid, for å hjelpe unge stemmer å navigere politiske prosessar og for å skape endring for unge i landet.

2. Status for rekruttering av JPO-ar i 2022

Tabell 9

	ORGANISASJON	TENESTESTAD	STATUS
1	International Labour Organization (ILO) – barnarbeid i landbruket	Malawi – endra til Genève	Rekruttert
2	Office of the High Commissioner for Human Rights (OHCHR) – spesialrapportøren for menneskerettar	Genève	Rekruttert
3	UN Women – Gender in Humanitarian Action	Kampala	Rekruttert
4	International Fund for Agricultural Development – klimatilpassa landbruk	Roma	Rekruttert
5	Asian Development Bank (ADB)	Manila	I prosess
6	Office of the High Commissioner for Human Rights (OHCHR) – spesialrapportøren for ytringsfridom	Genève	Rekruttert
7	Food and Agricultural Organization of the United Nations (FAO) – landbruk/klima	Roma	Rekruttert
8	United Nations Development Programme – SDG-finansiering	Pretoria	Rekruttert
9	United Nations Population Fund (UNFPA) – seksualundervisning	New York	Rekruttert
10	United Nations Office for the Coordination of Humanitarian Affairs (OCHA) – vald mot barn	Sør-Sudan/Juba	Rekruttert
11	United Nations Department of Political and Peacebuilding Affairs (DPPA) – fred og forsoning	New York	Rekruttert
12	United Nations Childrens Fund (UNICEF) – hiv/aids	Dar-es-Salaam	Rekruttert

3. Tal juniorekspertar som blir tilsette på eit fjerde år med samfinansiering frå FN-organisasjonen, og som blir rekrutterte inn i ordinære FN-stillingar

I løpet av 2022 har vi fått og innvilga fem førespurnader om tilsetting av juniorekspertar på eit fjerde år med samfinansiering frå FN-organisasjonar.

4. Status for framdrift i sekonderingar i utviklingsbankane

I løpet av 2022 bidrog Norec til to sekonderingar ved Verdsbanken sitt kontor i Washington D.C. i samarbeid med seksjon for multilaterale utviklingsbankar.

Ifølge stortingsmeldinga om Noregs rolle og interesser i multilateralt samarbeid³ er det viktig å prøve å påverke internasjonale organisasjonar ved å fremme rekruttering av nordmenn, særleg til leiande stillingar. Noreg er underrepresentert i dei fleste internasjonale organisasjonar med tanke på størrelse og økonomisk bidrag, og det har vore eit uttalt mål å auke rekrutteringa på alle nivå. Stortingsmeldinga understrekar

³ [Meld. St. 27 \(2018–2019\) Norges rolle og interesser i multilateralt samarbeid](#)

vidare at det er viktig å rekruttere nordmenn også på lågare nivå, slik at dei får nødvendig kompetanse og innsikt til å avansere i det internasjonale systemet.

Norec har sidan vi fekk oppdraget i 2021, jobba med å utvikle ein heilskapleg strategi som dekker både rekruttering av, rådgiving/bistand til og karriererettleiing til nordmenn i internasjonale organisasjonar. Basert på erfaringane frå 2021 utarbeidde Norec i 2022 eit sett med prioriteringar, for å auke sjansane for at nordmenn blir verande i internasjonale stillingar. Dette inneber kompetansebygging for personar som skal starte i si teneste, større nettverk og kontakflate med internasjonale organisasjonar og forslag til ein langsiktig rekrutteringsstrategi. Dei har vi følgd opp på denne måten:

- Vi har utarbeidd eit satsingsforslag for 2024 om å auke talet på norske juniorekspertar til ca. 90 innan utgangen av 2026
- Saman med RIO-prosjektet i UD har Norec jobba meir opp mot avdelingane i Utanriksdepartementet og utanriksstasjonane for å sikre at dei får meldt inn interesser og prioriteringar.
- Gjennom utarbeiding av SPO-ordninga har vi styrkt kompetansen om multilaterale organisasjonar og moglegheitene for å gi norske byråkratar erfaring på høgt internasjonalt nivå gjennom sekondering.
- Vi har styrkt Norec som eit kompetansesenter for unge menneske som ønsker internasjonal arbeids-erfaring, ved å utarbeide utreisekurs for JPO-ar.

For å sikre eit best mogleg vurderingsgrunnlag for vidare tiltak har Norec prioritert tett samarbeid og erfaringsutveksling med våre nordiske kollegaer, særleg UNDP Service Centre i København. Dette har vore spesielt nyttig i utviklinga av utreisekurs for JPO-ar og gode kontraktsmalar for nytt SPO-program.

Sommaren 2022 bestilte Norec bestilte dessutan ein studie frå Fafo. Dei skal undersøke kva for nokre faktorar som er avgjerande for å sikre norsk rekruttering og vidareføring av JPO-ordninga i FN-systemet. Rapporten vil bli levert i februar 2023.

Norec ønsker å bruke sin styrke som kompetansesenter til å gjere norske JPO-ar og SPO-ar best mogleg rusta til tenesta ute. Samtidig meiner Norec det er viktig å følge dei opp i løpet av tenesta. Det gjer vi for å sikre at dei føler seg varetatt. I tillegg lærer vi noko om korleis vi best kan sikre vidareføring av engasjementet og endeleg overgang til fast stilling i ein internasjonal organisasjon. Norec har i 2022 gjennomført digitale utreisekurs for JPO-ar og digitale exit-samtalar for utgåande JPO-ar. Desse tiltaka skal vi vidareutvikle i 2023.

Internt har Norec etablert eit tverrfagleg team for rekruttering til internasjonale organisasjonar under avdelinga for verksemdstyring. Dette teamet nyttar ressursar frå heile organisasjonen og sikrar ein heilskapleg prosess med kommunikasjon/marknadsføring, HR, kontakt med internasjonale organisasjonar, forankring hos UD og utanriksstasjonane, og kunnskap og læring til eigen organisasjon. Gode søkartal og høg kvalitet på søkerane meiner vi er ein konsekvens både av Norec si lange erfaring med rekruttering av unge menneske til internasjonalt samarbeid og av omfattande kommunikasjon, særleg i sosiale medium som når dei rette målgruppene.

3.4 Utkvittering av særskilde oppdrag

3.4.1 Oppdrag 1: Profileringsturné for å informere om norskfinansierte FN-stillingar

Tabell 10

OPPDRAG NR. 1-2022
Bakgrunn for oppdraget Profileringsturné for å informere om norskfinansierte FN-stillingar, for å sikre auka interesse og brei rekruttering.
Beskriving av oppdraget Norec skal organisere ein informasjonsrunde om JPO, UNV og stipendordninga på hensiktsmessige arenaer for målgruppa studentar og andre unge med internasjonal interesse og relevant erfaring. I tillegg til Norec skal ressurspersonar frå UD-RIO, JPO Service Centre, UN Desa og organisasjonar som UN Women og WFP delta. Runden blir gjennomført i større norske byar (Oslo, Bergen, Trondheim, Tromsø) primo mai 2022.
Frist og rapportering Konseptnotat skal sendast til departementet medio januar 2022. Fastsetting av program og utsending av invitasjonar medio februar. Gjennomføring primo mai. Rapportering i samband med årsrapport 2022.

Norec gjennomførte ein profileringsturné ved norske utdanningsinstitusjonar frå 12. til 16. september 2022. Med på denne var representantar frå FN-sekretariatet si avdeling for økonomiske og sosiale spørsmål (UN Desa), JPO Service Centre (UNDP, FN sitt utviklingsprogram), Verdas matvareprogram (WFP), Verdsbanken og United Nations Volunteers. Profileringsarbeidet blei gjennomført i Oslo (Oslo Nye Høyskole og juridisk fakultet ved Universitetet i Oslo), Bergen (Norges Handelshøyskole og institutt for samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen), Tromsø (Senter for fredstudier ved Universitetet i Tromsø) og Trondheim (NTNU Dragvoll). Utviklingsminister Anne Beathe Tvinnerheim medverka under besøket i Tromsø, og statssekretær Bjørg Sandkjær var med på Universitetet i Oslo.

Profileringsturneen fekk god mottaking ved dei ulike utdanningsinstitusjonane, og samarbeidet med FN-organisasjonane og UD fungerte godt både før og under sjølve turneen. Tilbakemeldinga frå UD og FN-organisasjonane er at ein bør gjennomføre ein slik fysisk turné om lag annakvart år. I tillegg bør ein ha eit digitalt rekrutteringstiltak dei åra det ikkje er eit fysisk opplegg. Norec har tatt innspela frå UD inn i det vidare rekrutteringsarbeidet.



I juli var utviklingsminister Anne Beathe Tvinnereim i Førde for å opne den årlege Førdefestivalen. Seinare same dag haldt ho eit innlegg hos Norec om tillitsreformen.

3.4.2 Oppdrag 2: Greie ut moglegheiter for korleis Norec kan legge til rette for at fleire unge menneske får internasjonal arbeidserfaring, og kome med forslag til innretning på moglege tiltak

Tabell 11

OPPDRA NR. 2 2022
<p>Bakgrunn for oppdraget</p> <p>Ei av hovudoppgåvene til Norec er «å gi unge menneske internasjonal arbeidserfaring og kompetanse innan berekraftig utvikling». I dag gjer Norec dette gjennom to kanalar: prosjekttilskot til utvekslingspartnarskap og rekruttering til ulike FN-stillingar.</p> <p>Det er ønskeleg å sondere moglegheitene for korleis Norec kan bidra til å gi unge menneske internasjonal arbeidserfaring gjennom andre kanalar enn dei Norec jobbar innanfor i dag.</p> <p>Norec er allereie i dialog med Den afrikanske union om moglegheitene for å støtte ungdomsutvekslingsprogrammet deira.</p>
<p>Beskriving av oppdraget</p> <p>Norec skal greie ut moglegheitene for korleis Norec kan legge til rette for at fleire unge menneske får internasjonal arbeidserfaring, og komme med forslag til innretning på moglege tiltak. Forslag til tiltak må ligge innanfor det formålet og dei hovudoppgåvene Norec har i dag.</p> <p>Som ein del av oppdraget skal Norec fortsette den påbegynte dialogen med Den afrikanske union om støtte til deira ungdomsutvekslingsprogram og bruke desse erfaringane inn i utgreiingsarbeidet.</p>
<p>Frist og rapportering</p> <p>Norec skal rapportere om status i første tertialrapport, og forslag til innretning skal sendast over som eit vedlegg til andre tertialrapport.</p>

Ei arbeidsgruppe har gjennom året utarbeidd eit forslag til korleis Norec kan gi unge menneske internasjonal arbeidserfaring gjennom andre kanalar enn dei Norec jobbar innanfor i dag. Utgreiinga har resultert i fire ulike arbeidsspor som vi vil jobbe vidare med i 2023:

- Vi vil utvikle ei plattform på nettsida vår der organisasjonar kan melde si interesse for å komme i kontakt med potensielle partnerar.
- Vi vil etablere ei ordning for utveksling av praktikantar/opplæringstilsette. Gjennom 2023 vil vi vidareutvikle ideen om å kunne tilby ei gjennomtenkt og treffsikker løysing for ulike typar organisasjonar i Noreg og i samarbeidslanda våre.
- Vi vil vidareføre arbeidet med å involvere fleire regionale og multilaterale organisasjonar i utsending av unge arbeidstakarar mellom land i sør etter modell av det samarbeidet vi hittil har hatt med Den afrikanske union.
- Vi vil støtte partnarskap som ikkje oppfyller alle krav i dagens retningslinjer, for eksempel krava til lengde og format på opphaldet og til meir bruk av digitalt samarbeid.

3.4.3 Oppdrag 3: Greie ut moglegheita for og eventuelt innretninga av eit pilotprosjekt knytt til støtte til tidlegare Norec-deltakarar

Tabell 12

OPPDRAK NR. 3 2022

Bakgrunn for oppdraget

Personar som har vore deltakarar i Norec-støtta prosjekt, har ofte mange idear og nye ferdigheiter som dei ønsker å bruke når dei kjem heim frå utvekslingsopphaldet sitt. Ideelt sett fortset dei å jobbe i sin organisasjon etter retur, men det skjer ikkje alltid.

Norec og utanrikstenesta har lite kontakt med tidlegare deltakarar, og dermed avgrensa moglegheiter til å følge opp slike gode initiativ. Det er ønskeleg å bruke ressurspersonar i Norec sitt nettverk på ein betre måte i utviklingsarbeid innan spesielle fagfelt.

Beskriving av oppdraget

Norec skal greie ut moglegheita for og eventuelt innretninga av eit pilotprosjekt knytt til støtte til tidlegare Norec-deltakarar.

Utgreiinga bør sjå på moglegheiter for tilskot til enkeltpersonar eller små organisasjonar for å vidareutvikle og sette i verk nye idear i lokalsamfunn.

Utgreiinga skal også sjå på korleis utanrikstenesta kan dra nytte av nettverket med tidlegare Norec-deltakarar på ein betre måte.

Frist og rapportering

Norec skal rapportere om status i første tertialrapport, og forslag til innretning på eit eventuelt pilotprosjekt skal sendast over som eit vedlegg til andre tertialrapport.

Ei arbeidsgruppe har gjennom 2022 jobba med å utvikle eit forslag til korleis Norec kan dra nytte av kompetansen til tidlegare deltakarar på ein formålstenleg måte. Forslaget som vi no ønsker å teste ut, er å gi alle tidlegare deltakarar tilbod om å vere med i eit nettverk som omfattar deltaking i ei eiga gruppe på LinkedIn, eit eige nyheitsbrev, tilgang til e-læringsmodular, digitale nettverkssamlingar og tilbod om opplæringskurs om tema knytte til sosialt entreprenørskap. Medlemmane vil òg få høve til å søke om aktivitetsbasert støtte. Denne støtta vil vere konkurransebasert, og størrelsen på støtta vil vere avhengig av årleg tildeling. For UD, ambassadane og Norec sin del vil nettverket fungere som ei kontaktliste med informasjon om tidlegare deltakarar og kva fagområde eller erfaringar dei sit på.



Norec-partner SUNami Solar har gitt lys til landsbyen Chakama i Kenya. Etter at Dhahabu Matata Chengo fekk solpanel på taket, har bedrifta hennar generert nok inntekter til at ho kan forsørge seg sjølv og familien sin.

4 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Norec utførte alle tildelte oppdrag i 2022 og har hatt tilfredsstillende styring og kontroll. Vi har i 2022 utarbeidd ein ny strategi for 2023–2026 og gjennomført mindre organisatoriske endringar. Formålet med desse er å sikre betre samarbeid på tvers av faglinjene og å styrke leveringsevna innan kunnskap og læring. Endringane gjeld frå 1. januar 2023. Oppdragsmengda og arbeidssituasjonen har vore prega av at pandemien i mindre grad enn dei føregåande åra har påverka moglegheita for fysisk utveksling og reiseaktivitet. Norec har gjennom heile året hatt god dialog med departementet om gjennomføring av tildelte oppdrag og utarbeiding av ny strategi for kommande periode.

4.1 Varslingssaker i 2022

I 2022 blei det meldt inn fem nye varslingsaker. Tre av desse gjeld økonomiske forhold, og to gjeld seksuell utnytting, seksuelt misbruk og seksuell trakassering (SEAH). Tre saker blei avslutta i løpet av 2022. Hausten 2022 etablerte vi eit nærare samarbeid med SK og Norad sin internrevisjon. Norec deltar no på månedlege møte med gjennomgang av nye varslingsaker. Dette sikrar mellom anna at alle fangar det opp dersom det kjem inn varsel hos organisasjonar som får støtte frå fleire hald, for eksempel frå både Norec og Norad.

4.2 Særskilde føringar frå tildelingsbrevet

4.2.1 Førebyggande sikkerheit

I 2022 har Norec vidareutvikla arbeidet med sikkerheit og beredskap. Vi ser informasjonssikkerheit, HMS (spesielt sikkerheit på reise) og personellsikkerheit i samanheng, og målet er at sikkerheitsarbeidet skal bli ein integrert del av verksemdstyringa.

Stillinga som Compliance Officer / rådgivar for intern kontroll har i løpet av 2022 fått ei koordinerande rolle for sikkerheits- og beredskapsarbeidet internt i Norec. Arbeidet omfattar risiko- og sårbarheitsanalysar og oppfølging av relevante planverk og sikkerheitsfunksjonar internt.

Norec har utarbeidd ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) som vi har delt med departementet. Arbeidet med å forbetre denne som eit relevant styringsverktøy vil halde fram i 2023 i dialog med etatsstyringseininga. Vi jobbar vidare med prioriterte forbetringstiltak som følger av analysen.

Arbeidet med oppdatering av styringssystem og vidareutvikling av policyar, rutinar og retningslinjer er sentralt og viktig for å sikre eit integrert styringssystem. I 2022 utarbeidde vi ein instruks for sikkerheit på reise etter mal frå Utanriksdepartementet. Vi har tatt i bruk Security Assessment for Employees (SAFE-metodikken) i eige planverk. For 2023 vil vi innarbeide grunnprinsippa for sikkerheitsstyring frå Nasjonalt tryggingorgan. I løpet av 2022 reviderte vi fleire retningslinjer og rutinar som ledd i arbeidet med å styrke det praktiske sikkerheitsarbeidet. Dette arbeidet held fram i 2023.

I november 2022 hadde vi planlagt ei større beredskapsøving i regi av ein ekstern leverandør. På grunn av sjukdom måtte vi avlyse øvinga og utsette gjennomføringa til første kvartal av 2023. Norec skal i løpet av februar 2023 etablere ein trenings- og øvingskalender for sikkerheit og beredskap.

Norec er i dialog med seksjon for førebyggjande sikkerheit i UD om innkjøp av sikkerheitsinformasjons-systemet Seerist. Norec samarbeider med UD og Norad om dette innkjøpet.

4.2.2 Likestilling og ikkje-diskriminering

I Norec har vi ei aktiv haldning til og jobbar kontinuerleg for likestilling og mot diskriminering og stereotypisering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og kombinasjonar av desse faktorane. Dette er viktige føringar i prosjekta Norec gir tilskot til. Derfor er det heilt naturleg at det er ein raud tråd i alt vi gjer, også internt i organisasjonen.

4.2.2.1 Verdier og etiske retningslinjer

Både internt og eksternt er likestilling og ikkje-diskriminering viktig for Norec, noko som kjem klart fram i våre etiske retningslinjer og i våre verdipar. Som tilsette skal vi alltid opptre i tråd med desse verdipara: Vi skal utfordre og vise respekt, og vi skal vere engasjerte og profesjonelle.



Day Africa har hjelpt over 5000 kvinner med å starte si eiga bedrift i Afrikas største slum. Dei kursar kvinnene i entreprenørskap, digitale ferdigheiter, skreddarsaum og forretningsutvikling.

4.2.2.2 Arbeid med likestilling og ikkje-diskriminering i 2022

Norec har alt integrert arbeidet for likestilling og ikkje-diskriminering i rekrutteringsprosessar, interne retningslinjer og HMS-tiltak. Det er likevel krav til offentlege verksemdar etter ny lovgiving: Arbeidet for likestilling og ikkje-diskriminering skal ifølgje aktivitets- og utgreiingsplikta (ARP) vere systematisert og i tillegg rapportert på.

I løpet av 2022 blei det oppretta ei gruppe som skal ha hovudansvaret for ARP. Gruppen er partssamansett, og i tillegg til representantar frå arbeidsgiversida og arbeidstakarorganisasjonane er det ein representant frå Norec si SEAH-gruppe.

ARP-gruppa i Norec har sett i gang eit heilskapleg og meir systematisk arbeid basert på Bufdir sin metodikk i fire steg. Nedanfor har vi tatt med årshjulet for arbeidet med ARP for å vise detaljert korleis Norec skal jobbe med ARP framover.

Tabell 13

TIDSPUNKT	ANSVAR	ANSVAR
Januar	HR og tillitsvalde	■ kartlegge kjønnsfordeling, deltid, mellombelse stillingar og uttak av foreldrepermisjon
	Leiing, HR og tillitsvalde	■ analysere årsaker til kjønnsforskjellar, og foreslå tiltak ■ evaluere fjorårets arbeid, bestemme kva tiltak som skal forlengast ■ legge plan for årets arbeid ■ HR: skrive utkast til utgreiing som skal inn i årsrapport, i tråd med lovkrav
Februar	HR og tillitsvalde	■ undersøke risiko, hinder og årsaker på områda rekruttering, forfremming og utviklingsmoglegheiter, og foreslå tiltak
Mars	HR, tillitsvalde og verneombod (AMU)	■ undersøke risiko, hinder og årsaker på områda tilrettelegging, kombinasjon av arbeid og familieliv, og trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vald ■ foreslå nye tiltak
	Leiing, HR og tillitsvalde	■ lage handlingsplan med nye og gamle tiltak (med fristar og ansvar for praktisk gjennomføring)
September/ oktober	Leiing, HR og tillitsvalde	■ undersøke risiko, hinder og årsaker i lønns- og arbeidsvilkår på alle grunnlag ■ samanlikne stillingsnivå og kartlegge kjønnsbalanse og lønnsforskjellar ■ gjennomgå resultat frå lønnskartlegging i forkant av lokale lønnsforhandlingar ■ ufrivillig deltid – kartlegge annakvart år ■ foreslå tiltak og oppdatere handlingsplan
November/ desember	HR og tillitsvalde	■ gå gjennom status for tiltak og eventuelt justere tiltak

4.2.2.3 Kjønnbalanse, mellombelse stillingar, deltid og foreldrepermisjon

Norec har ei overvekt av kvinnelege tilsette, og kvinneandelen har blitt høgare frå 2021 til 2022. Det er også fleire kvinnelege leiarar enn mannlege leiarar: Fire av fem seksjonsleiarar er kvinner, og éin av to avdelingsdirektørar er kvinne. Den kvinnelege leiarandelen i Norec, inkludert direktør, utgjer heile 62,5 % og speglar i så måte kjønnbalansen for verksemda totalt sett. Det same gjer søkarmassen på dei stillingane vi lyser ut.

Tabell 14

ÅR	TOTALT	KJØNNSBALANSE		MELLOMBELS TILSETTE			DELTID		FORELDREPERMISJON GJENNOMSNITTLIG TAL VEKER	
		Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
2022	52	26,9%	73,1%	7	7,1%	13,2%	0,0%	2,6%	7,2	16,7
2021	57	33,3%	66,7%	8	5,3%	18,4%	0,0%	5,3%	14,4	20,4

Det er eit mål å ha få mellombels tilsette, og tilsettingane i 2022 har vore i tråd med føresegna i statstilsettelova. I løpet av 2022 Norec hatt sju tilsette i mellombelse stillingar, og per 31. desember 2022 var fem av desse framleis tilsette. Éin av dei fem er trainee, og éin er vikar for tilsette som har sjukefråvær. Vidare har to vore tilsette i prosjekt som blir ferdige 30. juni 2023. Den siste mellombels tilsette er direktøren, som er tilsett på åremål.

Det er ein høgare del kvinner enn menn som er mellombels tilsette, og det er berre tilsette i mellombels stilling som jobbar deltid. Dette er etter eige ønske. Alle fast tilsette har fulle stillingar, det er derfor ikkje ufrivillig deltid blant dei fast tilsette.

Sjukefråvær

Tabell 15

ÅR	SJUKEFRÅVÆR TOTALT	EIGENMELDT SJUKEFRÅVÆR	LEGEMELDT SJUKEFRÅVÆR	SJUKEFRÅVÆR – MENN	SJUKEFRÅVÆR – KVINNER
2022	5,34 %	1,88 %	3,46 %	3,08 %	6,29 %
2021	5,29 %	0,95 %	4,33 %	2,76 %	5,09 %
2020	5,68 %	0,80 %	4,80 %	2,46 %	6,28 %

Det har vore ein liten auke på 0,05 prosentpoeng i sjukefråværet frå 2021 til 2022. Fordelinga på dei ulike fråværestypene skil seg frå dei føregåande åra. Norec har hatt ein relativt stor auke i kortidsfråværet. Det kjem i stor grad av covid-19 og sesongrelatert sjukefråvær. Samtidig er det legemelde fråværet, og dermed langtidsfråværet, redusert med heile 0,87 prosentpoeng. Berre sidan 2020 har legemeldt fråvær gått ned frå 4,80 til 3,46 prosent.

Arbeidsmiljøutvalet i Norec har i løpet av 2022 vedtatt 4 prosent som eit måltal på sjukefråværet. Dersom fråværet blir høgare enn dette, vil arbeidsmiljøutvalet vurdere tiltak for å redusere sjukefråværet.

4.2.3 Konsulentbruk i staten

Norec har i 2022 kjøpt konsulenttenester for 5,5 millionar kroner. Samanlikna med 2021 er dette ein auke på ca. 1,6 millionar. Auken kjem i hovudsak av at vi har kjøpt tre eksterne rapportar, vidareutvikla Tilskudds-portalen og produsert e-læringsvideoar til kompetansesenteret Norec.

Norec arbeider med å redusere konsulentbruken, men har i periodar behov for fagkompetanse som det ikkje er formålstenleg å tilsette på permanent basis.

4.2.4 Auke i tal lærlingar

Norec har for tida ingen lærlingar. Sidan Norec er ei verksemd med under 75 tilsette, har vi ikkje krav om å tilsette lærling. Vi er likevel knytte til OK stat for å oppfylle kravet til statlege verksemder om tilknytning til opplæringskontor for lærlingar.

For ei verksemd av Norec sin type er det utfordrande å finne arbeidsoppgåver som kan inngå i eit lærlingløp. Dei fleste stillingane i Norec krev høgare utdanning, og berre ein sjeldan gong kan utdanningskravet bli erstatta med lang erfaring. Dette speglar kompleksiteten i arbeidsoppgåvene innanfor både saksbehandling av tilskot, kursverksemd og støttefunksjonar.

Sjølv om det ikkje kan erstatte lærlingplassar, har Norec kvart år hatt éin eller to traineestillingar for nyutdanna studentar gjennom ordninga Framtidsfylket⁴. Vi kan på denne måten gi verdifull erfaring til nyutdanna som skal ut i arbeid, noko som av og til kan vere vanskeleg utan relevant erfaring. Det er også viktig for regionen Sunnfjord å vise til eit mangfalding arbeidsliv. Ved at vi er med i traineordninga, bidrar vi i dette viktige arbeidet.

4.3 Prosedyre for handtering av saker om seksuell utnytting, seksuelt misbruk og seksuell trakassering (SEAH)

I 2022 hadde Norec ei arbeidsgruppe som utarbeidde ein prosedyre for handtering av saker om seksuell utnytting, seksuelt misbruk og seksuell trakassering (SEAH-prosedyre)⁵ i prosjekt som får tilskotsmidlar frå Norec. Prosedyren har som formål å sikre gode rutinar for å handtere SEAH-saker, og er koordinert med OECD sine anbefalingar om innsats mot SEAH i bistandssektoren. I løpet av året blei fleire rutinar og malar foreslått reviderte som ledd i arbeidet med å førebygge, avdekke og handtere SEAH-saker. Dette arbeidet held fram i 2023.

5 VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

I starten på 2023 er verda på veg ut av ein global pandemi. Pandemien har fått langvarige konsekvensar for alle sektorar og ført til store tap av menneskeliv. Denne globale unntakstilstanden har tydeleg illustrert kor viktig det er med internasjonalt samarbeid for å løyse felles utfordringar.

For kompetansesenteret Norec innebar pandemien at all ordinær aktivitet blei sett på vent. Då verda stengde ned, måtte vi tenke nytt for å kunne utføre samfunnsoppdraget vårt. Vi innførte virtuell utveksling av kompetanse mellom verksemder og på tvers av landegrenser. Vi utvikla digitale kurs før og etter utveksling, og begge typar kurs held vi no parallelt med analoge kurs og fysiske møte.

Uro og frykt har spreidd seg globalt som følge av krigen i Ukraina. Manglande tilgang til og auka pris på mat, andre varer og tenester utfordrar globale partnerskap. Norec etablerte i januar 2023 ein seksjon for kunnskap og læring. I tillegg til å halde kurs og gi opplæring til partnarar og deltakarar på utveksling skal dei systematisk samle læring og formidle nye måtar å styrke globale partnerskap på.

Tittelen på Norec sin nye strategi fram til 2026 er da også *Delt kunnskap, berekraftig endring*.

Verdssamfunnet sin respons på krigen i Ukraina har vist at det multilaterale systemet er under press. Ved årsskiftet gjekk Norec ut av FN's tryggingsråd, som var ein viktig kanal for å formidle våre verdiar til FN. Gjennom ei strategisk satsing på rekruttering av norske kvinner og menn til FN og andre multilaterale organisasjonar kan vi på ein konkret måte formidle prinsipp om rettsstat og menneskerettar, likestilling, antikorrupsjon og andre område som bør prege ein multilateral organisasjon.

Restriksjonar på innreise og opphald for deltakarar som skal til bestemte land, er noko vi kan komme til å oppleve oftare i tida framover. Slike restriksjonar har auka under pandemien. God forvaltning og planlegging hos alle partar kan redusere talet på innreiseavslag.

Blant verksemder i Norec og i partnarlanda har interessa for utveksling av personale auka under pandemien. Fleire verksemder som starta med digital utveksling under pandemien, har i 2022 søkt om tilskot til fysisk utveksling. Interessa for utveksling generelt har vakse dei siste to åra. Norec gjekk inn i 2023 med mange fleire kvalifiserte søknader om tilskot enn vi har midlar til. Det tyder på at interessa for utveksling – også til det globale sør – ikkje har blitt mindre.

Rekruttering og arbeid med å halde på medarbeidarar er framleis eit område som Norec, vel fire år etter flyttinga frå Oslo, jobbar med både internt og eksternt. Vi får veldig gode kandidatar til Førde og jobbar med å halde på dei som har flytta til Sunnfjord.

6 ÅRSREKNESKAP 2022

Stadfesting

Årsrekneskapen gir eit dekkande bilde av verksemda sine disponible tildelingar og rekneskapsførte utgifter, inntekter og fordringar og gjeld. Norec fører og rapporterer verksemdsrekneskapen ut frå kontantprinsippet. Årsrekneskapen skal gi eit korrekt uttrykk for ressursbruken dette året. Rekneskapen til Norec blir revidert av Riksrevisjonen, som stadfestar årsrekneskapen. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men det er forventa at revisjonsmeldinga vil vere klar i løpet av andre kvartal 2023.

Vurdering av vesentlege forhold

Dei partnarskapa som avvikla eller reduserte aktiviteten sin gjennom pandemien, er no tilbake i normal drift. Samstundes er løyvingane våre mindre enn før pandemien. Derfor har vi i 2022 måtta avslå gode prosjektsøknader på grunn av manglande midlar.

Førde, 8. mars 2022



Jan Olav Baarøy
Direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Norec er utarbeidd etter statens retningslinjer for økonomistyring. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærmare bestemt i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet. Verksemda er omfatta av nettoføringsordninga for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift, i statsforvaltninga gjeldande frå 2015. Oppstilling av løyvingrapportering og artskontorrapportering tar utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen. Rekneskapen følger kalenderåra. Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp tilrettelagde for nettføringsordninga for meirverdiavgift i kapittel 0144.01.

Oppstilling av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krava i punkt 3.5 i føresegnene om korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» skal vere lik i dei to oppstillingane.

Norec er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank etter krav i punkt 3.7.1 i føresegnene. I ei brutto-budsjettert verksemd blir ikkje likvide midlar tilførte gjennom året, men har ein trekkrett på eigen konsernkonto. Ved slutten av året blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingrapportering

Løyvingrapportering viser rekneskapstal som Norec har rapportert til statsrekneskapen. Dei er stilte opp etter dei kapitla og postane i løyvingrekneskapen som Norec har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigedelar og forpliktingar Norec står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen for samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev og overført frå i fjor, for kvar kombinasjon av kapittel og post.

Artskontorrapportering

I oppstillinga av artskontorrapportering er det ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar, og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal som Norec har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Norec har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekter i oppstillinga.

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2022

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2022	Merutgift (-) og mindreutgift
0140	Utenriksdepartementet	21	Spesielle driftsutgifter		1 469 000	964 911	504 089
0144	Norec	01	Driftsutgifter		58 041 000	55 978 942	2 062 058
0144	Norec	70	Uttevslingsordninger		121 255 000	121 250 363	4 637
0171	FN's utviklingsarbeid	73	Internasjonale rekruttering og tilskudd til andre tiltak		35 000 000	33 442 426	
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Nettoordning for mva i staten		0	2 491 367	
Sum utgiftsført					215 765 000	214 128 008	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling	Regnskap 2022	Merinntekt og mindreinntekt (-)
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift - inntekt		0	4 536 098	
Sum inntektsført					0	4 536 098	

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet

209 591 910

Kapitalkontoer

60092101	Norges Bank KK / innbetalinger					3 705 971	
60092102	Norges Bank KK / utbetalinger					-213 227 079	
701111	Endring i mellomværende med statskassen					-70 802	
Sum rapportert						0	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)

Konto	Tekst	2022	2021	Endring
701111	Mellomværende med statskassen	-2 084 039	-2 013 237	-70 802

Kommentar til underforbruk på 140.21:

Underforbruket på post 21 skyldes hovedsaklig at rekrutteringsturneen med FN-organisasjonene ble billigere enn først antatt. I tillegg har begrensningene på hvilke kostnader som kan registreres på post 21 medført at Norec har sjølv dekket ytterligere kostnader tilknyttet RIO-oppgavet internt. Med endringen som er foreslått for tildelingsbrevet for 2023 ville utnyttelsesgraden ligget på ca. 83% hvor Norecs interne kostnader på ca. Kr 250.000 ville kunne bli dekket av post 21.

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
140 21	0	1 469 000	1 469 000
144 01	2 677 000	55 364 000	58 041 000
144 70	778 000	120 477 000	121 255 000
171 73		35 000 000	35 000 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Inn-sparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
0144 01	Driftsutgifter	2 062 008		2 062 008				2 062 008	2 768 200	2 062 008
0140 21	Spesielle driftsutgifter	504 089		504 089				504 089	73 450	
0171 73	Internasjonale rekrutteringer	1 557 574		1 557 574				1 557 574	1 750 000	1 557 574
0144 70	Tilskudd	4 637		4 637				4 637	6 062 750	4 637

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres".
Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2022

	Note	2022	2021
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer		0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer		0	0
Salgs- og leieinnbetalinger		0	0
Andre innbetalinger		0	0
Sum innbetalinger fra drift		0	0
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	37 208 588	33 169 212
Andre utbetalinger til drift	1, 3	23 115 132	15 839 991
Sum utbetalinger til drift		60 323 720	49 009 203
Netto rapporterte driftsutgifter		60 323 720	49 009 203
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	1, 5	774 698	4 392 142
Utbetaling til kjøp av aksjer	5, 9 del B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	457	2 793
Sum investerings- og finansutgifter		775 155	4 394 935
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		775 155	4 394 935
Gebyrinntekt krevd inn på vegne av andre statlige virksomheter	6		
Sum driftsinntekter krevd inn på vegne av andre statlige virksomheter		0	0
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	7	0	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	8	150 537 766	94 419 505
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		150 537 766	94 419 505
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		4 536 098	4 088 352
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		2 491 367	3 211 096
Netto rapporterte utgifter på felleskapitler		-2 044 731	-877 256
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		209 591 910	146 946 387
Oversikt over mellomværende med statskassen			
Eiendeler og gjeld		2022	2021
Fordringer på ansatte		21 000	0
Kontanter		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-1 509 360	-1 318 507
Skyldige offentlige avgifter		0	0
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse		-587 028	-696 748
Mottatte forskuddsbetalinger		0	0
Lønn (negativ netto, for mye utbetalt lønn m.m)		4	2 018
Differanser på bank og uidentifiserte innbetalinger		-8 655	0
Sum mellomværende med statskassen	9	-2 084 039	-2 013 237

Note 1 Innbetalinger fra drift

Kr 183 608 er bokført på konto 4740 Programvarelisenser, denne kostnaden skulle vært ført på konto 6420 Leie datasytemer.

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2022	31.12.2021
Lønn	30 141 037	27 150 021
Arbeidsgiveravgift	4 536 098	4 088 352
Pensjonsutgifter*	2 506 958	2 863 011
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-1 159 906	-1 697 661
Andre ytelser	1 184 401	765 488
Sum utbetalinger til lønn	37 208 588	33 169 212
Antall utførte årsverk:	40,42	36,29

* Pensjoner utgiftsføres i artskontorrapporteringen. Premiesatsen for arbeidsgiverandelen utgjorde i 2022 10,3 prosent (arbeidsgiverandel av pensjonspremiem/pensjonsgrunnlaget i 2022 rapportert til SPK).

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2022	31.12.2021
Husleie	3 422 100	2 921 224
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	0
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	-109 710	810 663
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	3 174	11 324
Mindre utstyrsanskaffelser	163 443	535 906
Leie av maskiner, inventar og lignende	631 696	556 281
Kjøp av konsulenttenester	5 570 499	3 905 502
Kjøp av andre fremmede tenester	3 100 016	3 580 135
Reiser og diett	3 247 574	493 601
Øvrige driftsutgifter	7 086 342	3 025 355
Sum andre utbetalinger til drift	23 115 132	15 839 991

Negativt beløp på linjen for Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler på - 109 710 skyldes en kreditnota på kostnader som nå går inn i husleien.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2022	31.12.2021
Innbetaling av finansinntekter		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2022	31.12.2021
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	260	2 793
Valutatap	197	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	457	2 793

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

		31.12.2022	31.12.2021
Utbetaling til investeringer			
Immaterielle eiendeler og lignende	1	183 608	541 705
Tomter, bygninger og annen fast eiendom		0	0
Infrastruktureiendeler		0	0
Maskiner og transportmidler		0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende		591 090	3 850 436
Sum utbetaling til investeringer		774 698	4 392 142

		31.12.2022	31.12.2021
Utbetaling til kjøp av aksjer			
Kapitalinnskudd		0	0
Obligasjoner		0	0
Investeringer i aksjer og andeler		0	0
Sum utbetaling til investeringer		0	0

Note 6 og 7 utgår

Note 8 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2022	31.12.2021
Tilskudd til kommuner, Forundersøkelser	2 370 434	650 526
Tilskudd til fylkeskommuner SA Utdanning og næringsliv	762 828	2 355 998
Tilskudd til ikke-finansielle foretak, Forundersøkelser	22 642 834	17 464 932
Tilskudd til finansielle foretak Forundersøkelser	45 138	0
Tilskudd til husholdninger, stipender - internasjonale stillinger	500 030	422 240
Tilskudd til ideelle organisasjoner, Forundersøkelser	40 656 147	42 677 350
Tilskudd til statsforvaltningen, Forundersøkelser	16 022	1 603 780
Tilskudd Sør/Sør	83 544 333	29 244 680
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	150 537 766	94 419 505

Note 9 Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2022 Spesifisering av bokført avregning med statskassen	31.12.2022 Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
Sum	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	0	0	0
Andre fordringer	21 000	21 000	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	21 000	21 000	0
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-4 955 909	0	-4 955 909
Skyldig skattetrekk	-1 509 360	-1 465 513	-43 847
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-8 651	-639 526	630 875
Sum	-6 473 920	-2 105 039	-4 368 881
Sum	-6 452 920	-2 084 039	-4 368 881

NOR⇌C

Norec
Norsk senter for utvekslingssamarbeid

Fjellvegen 9
6800 Førde

Tlf: +47 57 99 00 00
www.norec.no
norec@norec.no

Alle foto: Norec



Riksrevisjonen

NORSK SENTER FOR UTVEKSLINGSSAMARBEID
(NOREC)
Org. Nr.: 981965132

Riksrevisjonens beretning

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert årsregnskapsoppstillingene for Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec) for regnskapsåret 1. januar - 31. desember 2022. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering og noter, herunder sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 209.591.910 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav, og
- gir årsregnskapsoppstillingene et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2022 og kapitalposter per 31. desember 2022, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar *med lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til lov, instruks og disse standardene er beskrevet nedenfor under Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen. Vi er uavhengige av virksomheten i samsvar med kravene i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon i årsrapporten. Øvrig informasjon består av ledelseskomentarene (i del VI) og annen øvrig informasjon (del I–V) i årsrapporten. Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapsoppstillingene og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapsoppstillingene

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapsoppstillingene som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide årsregnskapsoppstillingene som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapsoppstillingene.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen. Vi informerer overordnede departementet om funn og svakheter.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000 for etterlevelserevisjon. Moderat

sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapsoppstillingene som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 07.06.2023

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén
ekspedisjonssjef

Stein Jahren
avdelingsdirektør

Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt.